

# Protokoll frå landsmøte i Noregs Ungdomslag

27.-28. april 2019, Radisson Blu Scandinavia, Oslo



Det var påmeldt 69 utsendingar med fulle rettar. Det var registrert 58 utsendingar i salen då landsmøtet opna. I tillegg møtte 7 personar frå styret med fulle rettar samt generalsekretær med talerett. Totalt 65 med røysterett.

På møtet var det i tillegg 4 frå administrasjonen og 6 gjestar.

## Helsingar til landsmøtet:

Småleik v/Vegar Vårdal

Norsk senter for folkemusikk og folkedans v/Nils Øyvind Bergset

Studieforbundet Kultur og tradisjon v/Liv Skogstad Mikalsen

Dramas v/Trine Brembo Stokland og Rebekka Midgaard

## Opning

Styreleiar Mette Vårdal opna landsmøtet. Ho las opp minneord for Olga Breivik og Lars Låte.

## **Sak 1      Konstituering**

### **Sak 1.1      Godkjenning av innkalling**

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:**      Innkallinga vart godkjent.

### **Sak 1.2      Godkjenning av sakliste**

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:**      Styret sitt forslag til sakliste vart godkjent.

### **Sak 1.3      Godkjenning av fullmakter**

Generalsekretær Kai Roger Vatne føretok namneopprop. 11 utsendingar var ikkje til stades ved namneopporet.

Organisasjonskonsulent Alf Steinar Nekstad presenterte kontrollen av fullmaktene.

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Alle fullmakter for utsendingar vart godkjent.

#### **Sak 1.4 Godkjenning av tidsplan og forretningsorden**

Ordstyrarane presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Tidsplan og forretningsorden for møtet vart godkjent.

#### **Sak 1.5 Val av ordstyrar**

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Eirin Stave Andersen og Karl Peder Mork vart vald som ordstyrarar.

#### **Sak 1.6 Val av redaksjonsnemnder**

Ordstyrarane presenterte styret si innstilling.

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Følgjande personar vart valt til redaksjonsnemnd for fråsegnene:  
Oddvar Eriksen, Gisund Leikarring  
Solgunn Liestøl, Haugesund Mållag og Ungdomslag  
Ida Marie Holmin, Håløyglaget

#### **Sak 1.7 Val av teljekorps**

Ordstyrarane presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Kontoret i NU vart valde til teljekorps.

## **Sak 1.8 Val av protokollunderskrivarar**

Ordstyrarane presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Følgjande personar blir valt til protokollunderskrivarar:

Gro Larsen Kitmitto, Oslo Songdanslag

Peder Varhaugvik, Leikarringen Symra

## **Sak 1.9 Val av skrivarar**

Denne saka hadde dotte ut av sakspapira og blei lagt fram munnleg på møtet.

Leiar Mette Vårdal presenterte saka.

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Følgjande personar blir valt til skrivarar:

Solveig Brekke Hauknes, kontoret i NU

Rita Sirirud Vatnehol, kontoret i NU

## **Sak 2 Årsmelding 2018**

Styremedlem Marit Nerås Krogsæter innleidde om året som har gått.

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Årsmeldinga for 2018 vart godkjent av Landsmøtet.

## **Sak 3 Rekneskap 2018**

Generalsekretær Kai Roger Vatne la fram rekneskapen.

*Desse tok ordet i saka:*

*55: Anne-Mari S. Meier, BUL Sarpsborg*

*30: Solgunn Liestøl, Rogaland Ungdomslag*

*78: Kai Roger Vatne, Generalsekretær*

**Vedtak:** Landsmøtet godkjenner årsrekneskapen for 2018, som viser eit overskot på kr. 193 603.

Overskotet vil bli overført til aktivitetsfondet, som etter denne overføringa vil ha ein saldo på kr. 431 760. Aktivitetsfondet skal framleis kunne disponerast til å styrke

drifta på utvalde område, og styret blir gitt handlingsrom til å drive med underskot også i 2019, dersom ein finn dette føremålstenleg for å oppretthalde eller styrke nødvendige satsingar.

## Sak 4      Kontingent

Styremedlem Morten Nilsen presenterte styret sitt forslag til kontingent for perioden 2020-2021.

*Desse tok ordet i saka:*

*37: Borghild Løver, Vest-Agder Ungdomslag*

*71: Mette Vårdal, styreleiar*

*30: Solgunn Liestøl, Rogaland Ungdomslag*

*76: Terje Svindseth, organisatorisk nestleiar*

*19: Christoffer Knagenhjelm, Sogn og Fjordane Ungdomslag*

*62: Ida Marie Holmin, Håøyglaget*

Forslag frå delegat 19, Christoffer Knagenhjelm, Sogn og Fjordane Ungdomslag:

Tillegg til styret sitt forslag:

*(...) kontingentmodellar og satsar. Nemnda sender innstilling på eventuell ny kontingentordning på høyring til lokallag og fylkeslag før saka skal opp på neste Landsmøte. Nemnda sitt arbeid (...)*

**Vedtak:**      Kontingentsatsane i Noregs Ungdomslag blir vidareført for perioden 2020-2021. Landsmøtet ber styret sette ned ei nemnd som skal gjere ei grundig vurdering av kontingentmodellar og satsar. Nemnda sender innstilling på eventuelt ny kontingentordning på høyring til lokallag og fylkeslag før saka skal opp på neste Landsmøte. Nemnda sitt arbeid og førebelse konklusjonar skal vere tema på landsrådsmøta i 2019 og 2020. Nemnda presenterer sitt framlegg på landsmøtet i 2021.

## Sak 5      Lovendring: Endring i §4 Landsmøte

Styremedlem Kevin A. K. Theigmann la fram saka om Lovendring med det innkomne forslaget frå BLS og eit alternativt forslag frå styret.

Noverande tekst i §4, 2 c:

«Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker det vil ta med på den endelege saklista. Saker som er melde i rett tid, men som styret ikkje fører opp på saklista, kan etter særskilt vedtak på landsmøtet likevel takast opp.»

BLS sitt framlegg til ny tekst §4, 2 c:

«Alle saker som er melde i rett tid vert sette på saklista. Saker som er melde i rett tid, men som styret ynskjer at møtet ikkje skal ta opp, kan etter særskilt vedtak på landsmøtet takast ut av saklista.»

Røysting over BLS sitt framlegg: Avslått mot 7 stemmer.

Styret sitt framlegg til ny tekst §4, 2 c:

*«Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker som skal med på den endelege saklista. Alle saker som er melde i rett tid skal refererast frå talarstolen, med grunngjeving for styret si handsaming av saka. Saker som ikkje er sett på saklista kan etter særskilt vedtak på landsmøtet likevel takast opp.»*

Røysting styret sitt framlegg: Vedteke med 60 stemmer.

*Desse tok ordet i saka:*

*59: Bjørn Harald Flobekk, Bygdelagssamskipnaden*

*37: Borghild Løver, Vest-Agder Ungdomslag*

*66: Edvard Lauen, Bondeungdomslaget i Oslo*

*71: Mette Vårdal, styreleiar*

*47: Trude Ødegaard-Jensen, Telemark Ungdomslag.*

*57: Tone Eidsvold, BUL Sarpsborg*

**Vedtak:**

Landsmøtet vedtok styret sitt framlegg til ny §4, 2 c

Ny paragraf §4, 2 c lyder:

*«Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker som skal med på den endelege saklista. Alle saker som er melde i rett tid skal refererast frå talarstolen, med grunngjeving for styret si handsaming av saka. Saker som ikkje er sett på saklista kan etter særskilt vedtak på landsmøtet likevel takast opp.»*

## Sak 6 Fråsegner

Styremedlem Torbjørn Bergwitz Lauen la fram saka om fråsegner.

Landsmøtet tok stilling til 3 fråsegner frå 2 forslagsstillarar:

1. Eigedomsskatt på ungdomshus er sjofelt!  
Forslagsstillar styret i NU, presentert av Torbjørn Bergwitz Lauen
2. Norsk språk i ei smart framtid  
Forslagsstillar styret i NU, presentert av Torbjørn Bergwitz Lauen
3. Frivillig kulturarbeid må få auka merksemd i ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken.  
Forslagsstillar Sogn og Fjordane Ungdomslag, levert redaksjonsnemnda før fristen, presentert av redaksjonsnemnda v/Ida Marie Holmin.

*Desse tok ordet i saka:*

*71: Mette Vårdal, styreleiar*

*43: Nina Byttingsmyr, Aust-Agder Ungdomslag*

*66: Edvard Lauen, Bondeungdomslaget i Oslo*

*62: Ida Marie Holmin, Håøyglaget*

*2: Oddvar V. Eriksen, Troms Ungdomsfylking*

65: Endre Flatmo, Bondeungdomslaget i Oslo  
15: Helge Venås Flægstad, BUL i Nidaros  
73: Morten Nilsen, styremedlem  
37: Borghild Løver, Vest-Agder Ungdomslag  
72: Torbjørn Bergwitz Lauen, styremedlem  
59: Bjørn Harald Flobekk, Bygdelagssamskipnaden

#### **Handsaming:**

Ida Marie Holmin og Solgunn Liestøl la fram redaksjonsnemnda si innstilling på søndag:

*Innstilling fråsegn 1: Landsmøtet vedtek fråsegna med alle endringsforslaga.*

Endringsforslag 1: Eigedomsskatt på ungdomshus er ~~sjøfelt~~ **urettferdig** - vedtatt  
Endringsforslag 2: ~~Langt på veg alle~~ **Mange** kommunar (...) - vedtatt  
Endringsforslag 3: (...) ei fast liste over **kva** eigedomar som **skal fritakast for eigedomsskatt**, men somme stader ~~kan~~ **må** laga søke kvart einaste år. - vedtatt  
Endringsforslag 4: Fjerne avsnitt 4 «Alle kommunar...» - vedtatt

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak fråsegn 1:** Redaksjonsnemnda si innstilling vart vedtatt.

*Innstilling fråsegn 2: Landsmøtet vedtek fråsegna.*

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak fråsegn 2:** Redaksjonsnemnda si innstilling vart vedtatt.

*Innstilling fråsegn 3: Landsmøtet vedtek å sende den over til styret for vidare arbeid.*

*Desse tok ordet i saka:*

*71: Mette Vårdal, styreleiar*

*19: Christoffer Knagenhjelm, Sogn og Fjordane Ungdomslag*

**Vedtak fråsegn 3:** Redaksjonsnemnda si innstilling vart vedteke.

## **Sak 7 Val**

Geir Sâtvedt presenterte valnemnda si innstilling.

### **Sak 7.1 Val av leiar**

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Torbjørn Bergwitz Lauen (1990), Bygdelagssamskipnaden, blei valt til leiar for eitt år.

### **Sak 7.2 Val av styre og arbeidsutval (AU)**

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Politisk nestleiar og AU-medlem:  
Marit N. Krogsæter (1992), Sunnmøre frilynde USL, ikkje på val

Organisatorisk nestleiar og AU-medlem:  
Terje Svindseth (1969), Bygdelagssamskipnaden, attval 2 år

Styremedlemmar:  
Anette Figenschou (1983), Nordland Ungdomsfylking, suppl. 1 år  
Tone Mjelde (1990), Hordaland Ungdomslag, attval 2 år  
Nina Byttingsmyr (1993), Aust-Agder Ungdomslag, ny 2 år

Styremedlem: Kevin Theigmann (1994), Nordland Ungdomsfylking, ikkje på val

Varamedlemmer:  
1. vara: Mona Husby, Inn-Trøndelag USL, ny 1 år  
2. vara: Maria Austbø, Bygdelagssamskipnaden, ny 1 år  
3. vara: Geir Såtvedt (1997), Telemark Ungdomslag, ny 1 år

### **Sak 7.3 Val av revisor**

*Desse tok ordet i saka:*

*Ingen*

**Vedtak:** Revisorgruppen Oslo AS blir valt som revisor for rekneskapsåret 2019.

## Sak 7.4 Val av valnemnd

Desse tok ordet i saka:

Ingen

**Vedtak:** Leiar: Håvard Ims (1982), Rogaland Ungdomslag, attval 1 år

Medlem: Cecilie Rørstad (1979), Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag, attval 2 år

Medlem: Oddgeir Løvold (1994), Nordmøre og Romsdal Ungdomslag, attval 2 år

Medlem: Borghild Opdahl (1987), Hordaland Ungdomslag, ikkje på val

Medlem: Morten Nilsen (1961), Nordland Ungdomsfylking, suppl. 1 år

1. vara: Helge Venås Flægstad (1987), Sør-Trøndelag Ungdomslag, attval 1 år

2. vara: Marit Kvamen (1993), Hordaland Ungdomslag, ny 1 år

3. vara: Jostein Apeland (1958), Rogaland Ungdomslag, attval 1 år

Nyvalt leiar Torbjørn Bergwitz Lauen heva møtet.

Protokollunderskrivarar

Oslo, 16/5 2019

Oslo, 14/5 2019



Gro Larsen Kitmitto, Oslo Songdanslag



Peder Varhaugvik, Leikarringen Symra